

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Referatet er godkjent.

Møtedato: onsdag 14. november 2012
Stad: seminarrom 400 i HF-bygget

Frammøtte

Frå gruppe A: Leiv Egil Breivik, Margareth Hagen, Kjetil Berg Henjum, Randi Koppen, Kevin McCafferty, Margery Vibe Skagen

Frå gruppe B: Frank Weigelt

Frå gruppe C: Jan A. Johansen

Frå gruppe D: Silje Angelvik, Keren Rebecca Marthinsen, Mads Myrbråten

Sandra Halverson stilte på møtet for å orientera om sak 4.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referatet frå rådsmøtet 26. september 2012

Godkjent utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

A. Breivik orienterte om dei utlyste stillingane i kinesisk og japansk.

B. Instituttet får lysa ut seks nye stipendiatstillingar ved årsskiftet. Ei stilling vert øyremerkd russisk og ei italiensk, sidan begge desse faga står utan stipendiatar frå vårsemesteret av. Alle fag ved instituttet bør ha stipendiatar. Dei fire siste blir lyste ut som opne stipendiatstillingar. Søknadsfristen blir i midten av februar.

C. Instituttet har fått 150.000 kroner i støtte til eit rekrutteringsprosjekt for framandspråk (PEK-midlar).

D. Fakultetsstyremøtet 13.11.2012 gjorde vedtak i fleire viktige saker. Her vart bemanningsplanen for 2013-2017 vedteken, og det inneber m.a. at førsteamanuensisstillingane i tysk litteratur og fransk språk vert lyst ut. IF nådde ikkje fram med innvendingane vi hadde mot delar av planen. Den vedtekte planen skal gjelda fram til 2015.

E. Instituttet har fått inn tretti søknader til ein verdi av nesten 1.7 millionar til fristen 1. november for søknader om støtte til forskning og publisering. Instituttet har gitt tilsegn om støtte til føremål som svarar til noko over 700.000 kroner. Det er søknadsfrist om smådriftsmidlar 1. desember (om lag 600.000 til disposisjon), og ny instituttfrist 10. mars 2013.

Sak 4 – Evaluering av instituttsamanslåinga

Sandra Halverson orienterte om den interne arbeidsgruppa sitt arbeid og svara som kom i evalueringsskjemaet som vart sendt rundt til dei tilsette. Fakultetet skal på grunnlag av innspel frå institutta bestemta om det skal gjennomførast ei ekstern evaluering av samanslåinga eller ikkje.

Koppen meinte ein ikkje berre burde senda over sjølve rapporten som IFs høyring, og at ein på grunnlag av rapporten og drøftinga i instituttrådet burde senda over ei meir utforma høyringsfråsegn. Oppsummeringa bør flyttast fram og koma først i høyringsfråsegna frå IF, påpeikte Breivik.

Vedtak (samrøystes): Rådet ved Institutt for framandspråk bed om at instituttet sender over ei høyringsfråsegn til fakultetet basert på rapporten frå IFs interne evaluering av instituttsamanslåinga. Instituttrådet bed samstundes om at det blir gjennomfører ei ekstern evaluering av samanslåinga.

Rapporten frå den interne gruppa blir sendt over til fakultetet saman med ei utgreiing av korleis arbeidet har vore organisert ved instituttet og kva problem som følgjer med dette, og at instituttet ønskjer ei ekstern evaluering. Hagen var ikkje sikker på om ho ønskte ei ekstern evaluering, og meinte heller at ei ny intern evaluering ville vera meir fruktbar. Koppen presiserte at ho med eksternevaluering òg kunne tenkja seg ei HF-ekstern evaluering der t.d. andre frå UiB deltok. Leiv Egil refererte til den «eksterne» komiteen som i si tid vart foreslått.

Sak 5 – Ymse

Ingen saker.

Leiv Egil Breivik,
instituttleder

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef